

# Oppsynsrapport for villreinjakta i Setesdal-Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur-Roan villreinområde 2010



Foto: Reidar Johan Sandal



## **Føreord**

Dette er den niande oppsynsrapporten frå SNO for villreinjakta i villreinområda Setesdal Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur/Roan.

Rapporten er skriven av Reidar Johan Sandal, SNO Suldal.

Kontaktpersonar:     Reidar Johan Sandal, Statens naturoppsyn, tlf. 90877844  
                              Jøren-Ola Ousdal, Setesdal Ryfylke villreinlag, tlf. 45865410

Suldal, november 2010

Reidar Johan Sandal (Sign.)  
SNO Suldal

## **1 Oppsynsorganisering**

Planlegginga skjedde også dette året i regi av SNO i Setesdal-Ryfylkeheiane og Setesdal Ryfylke villreinlag (SRV). Avtalen vart finansiert av viltfondet over DN sitt budsjett (kr. 87.000,-) samt sjølvpålagt avgift frå grunneigarane og administrativt bidrag frå villreinlaga.

SNO stilte til rådvelde naudsynt materiell, kommunikasjons- og tryggleiksutstyr til personellet. Innleigd personell arbeidde etter skriftleg instruks frå SNO. Det vart gjennomført kurs over to dagar for oppsynspersonellet på Bjåen i februar. Dagleg leing av oppsynet var eit samarbeid mellom SNO i Setesdal-Ryfylke og oppsyns-ko på Skinnarbu.

### **1.1 Oppsyns-ko**

Også i år var oppsynet under villreinjakta knytt til ein felles koordineringssentral. Oppsyns-ko er lokalisert til SNO sine kontor i Villreinsenteret på Skinnarbu. Det er politiet og SNO som utfører arbeidet. Senteret koordinerar ti villreinområder. Forutan dei tre villreinområda i sør, er dette Hardangervidda, Brattefjell-Vindeggen, Norefjell-Reinsjøfjell, Fjellheimen, Lærdal/Årdal, Blefjell (svært begrensa jakt dette året) og Nordfjella. Her har naturoppsynet vore tilgjengeleg på telefon og VHF-radio for mannskapa i felt og på telefon for jegerane. Mannskapet på senteret har i samarbeid med SNO i Setesdal-Ryfylke stått for den daglege leiinga av oppsynet. Viktige oppgåver for senteret var også å driva service, informasjon og rettleiing for jegerane med omsyn til dyremeldingar og jaktutøving, samt eit kontaktpunkt for forvaltninga med omsyn til fallvilt, handtering av valdkart og liknande.

### **1.2 Miljøovervaking**

Det er samla inn prøvar for NINA for analyse av radioaktiviteten på villrein i Setesdal-Ryfylke. Frå vaksne dyr er det teke kjøttprøve og kjeve. Det vart samla inn 7 prøvar. Villreinlaga samla inn kjevar frå alle kategoriar dyr. Me takkar alle som har hjelpt til med innsamlinga.

### 1.3 Mannskap

Følgjande personar har vore med på å utføra teneste i dei tre villreinområda:

Gunhild Eikhom	Villreinlaga
Karl Gunnar Hoven	”
Lars Egil Libjå	”
Geir Moe	”
Tom Olav Trydal	”
Arnstein Engemyr Knutsen	”
Knut Olaf Knudsen	Agder politidistrikt
Peter Hermansen	SNO
Jon Erling Skåtan	”
Carl Erik Kilander	”
Morten Meland (praktikant)	”
Jim Güttrup	”
Reidar Johan Sandal	”

Mannskapa har i hovudsak blitt disponert i patruljer med to personar. Tenesta i fjellet var lagt opp som ei turnusordning. I helgane var det to, av og til tre patruljer ute. Midt i veka var det av og til ei patrulje ute.

## 2 Statistikk

### 2.1 Sentrale tal for områda

	Setesdal/ Ryfylke villreinområde	Setesdal Austhei villreinområde	Våmur Roan villreinområde	Sum
Teljande areal	5.826 km <sup>2</sup>	2.397 km <sup>2</sup>	75 km <sup>2</sup>	8.305 km <sup>2</sup>
Tildelt kvote	526 (264)	1102 (884)	50 (30)	1678 (1178)
Fellingsresultat	129 (54)	504 (409)	38 (18)	671 (481)

Tala i parantes gjeld 2009.

## 2.2 Statistikk

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
<b>Timar i felt</b>	614	704	842	666	896	531,5	576
<b>Teneste admin.</b>	80*	80*	120*	125*	25*	30*	30*
<b>Personar kontrollerte</b>	39	69	62	63	72	73	71
<b>Personar informerte i felt</b>	41	85	31	36	135	96	108
<b>Telefonar til oppsyns-ko</b>	450**	1102**	1535**	784**	713**		815**
<b>Anmeldelsar</b>	0	1	2	2	3	2	3
<b>Åtvaringar (OPS)</b>	0	1	2	3	3	1	8
<b>Obs. skadeskoten rein</b>	1	0	0	1	0	1	1
<b>Avliva skadd rein (ikkje skadeskotne)</b>	1	0	3	1	1	1	1
<b>Funn av død/skoten rein</b>	0	0	1	0	1	1	0

\* ikkje eksakte tal (inkluderar teneste på oppsyns-ko). \*\* gjeld alle 10 villreinområda

## 2.3 Anmeldelsar og åtvaringar (OPS)

Tre saker er anmelde, alle for brot på viltlova (ikkje betalt jegeravgift, ulovleg felling av reinsdyr og bruk av blyhagl på rypejakt). Det er gjeve åtte åtvaringar som gjeld manglande papirer (jegeravgift, våpenkort m.m.) med på jakt og mangelfull utfylling av fellingsløyve .

## 3 Kommenterar til jakta 2010

### 3.1 Prioritering

Prioriteringane for villreinjakta i dei tre områda har vore slik:

1. Informasjon, rettleiing og oppsyn til stades i terrenget.
2. Kontroll med viltlova sine reglar om human og sikker jakt og om ettersøksplikt.
3. Heilskapleg oppsyn med lokale prioriteringar, t.d. kontroll med motorferdsel i utmark og vassdrag samt kontroll med verneforskriftene i verneområda.

### 3.2 Setesdal-Ryfylke

Det vart brukt 253 timer i Setesdal-Ryfylkeheiane. Kvotane vart dobla i dette området dette året. Likevel er det snakk om låge kvotar, og lågt jaktrykk. I starten av jakta var dyra spreidde, og det vart jakta litt mange stader. Etter kvart vart det langvarig austavind, og dyra stod for det meste nord og sør for Vatnedalen i nordområdet og mot Hisdal i sørområdet. Ut i jakta vart det meir vestlege vindar og dyra spreidde seg vestover att. Likevel heldt dei seg stort sett på byklesida i nordområdet. Det vart meldt om bukkar i mange av randområda. I starten av jakta, var det ein god del bukk samla nord mot Haukeli.

### **3.3 Setesdal-Austhei**

277 av timane er brukte her. Kvotane aukar framleis i dette området. I starten var dyra for det meste spreidde i skogen i sørområdet. Dette fører til jamt jakttrykk i stort sett heile arealet. Alt i første delen av jakta trekte fostringsflokkar mot vegen over Bjørnevatn, og det vart tidleg jakta på fostringsflokkar i nordområdet. Me ser eit auka jaktpress i områda rundt vegen ved Bjørnevatn, noko som krev ein ekstra oppsynsinnsats her.

### **3.4 Våmur-Roan**

I Våmur-Roan auka kvotane monaleg. 54 timar vart brukte her. Som vanleg i jakta er dyra samla nede i skogen, og det er ikkje lett å få oversikt. Det vart meldt om fin og roleg jakt.

### **3.5 Generelt**

Oppsynet har inntrykk av at villreinjakta i 2010 stort sett gjekk føre seg på ein grei måte. Som tidlegare ser det ut til at dei aller fleste jegerane jaktar på ein god og forsvarleg måte. Me får meldingar om auka jakttrykk i ein del område på Austheia, noko det må fokuserast på komande jakt sesong. Oppsynet ser og at utfyllinga av fellingsløyva er mangelfull, sist haust i aukande omfang. Dette vil det bli reagert strengare på neste sesong. Det vil bli teke kontakt med villreinlaga og nemnda for å nå fram til jegerane med opplysningar om dette.